

Stadnamn for Luster, pr. 12.03.2018 – ei oppdatert søkerettleiing for stadnamndatabasen til Fylkesarkivet og for fylkesatlas.

1) Alle dei 26 kommunane i fylket får publisert nokre av namna sine på Internett. 19 kommunar har ute alle stadnamna. Til saman ligg det ute 222 521 stadnamn på [www.fylkesarkivet.no](http://www.fylkesarkivet.no) og litt færre på [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no). Det er samla inn meir enn 250 000 namn.

Akkurat no publiserer vi stadnamn for Luster og Eid. For Luster er det blitt 17 381 stadnamn førebels.

For Luster blei det på 1980-talet samla inn ca. 11 000 stadnamn.

Kart, stadnamnelister og opptak blir sendt frå kommunen inn til Fylkesarkivet. Her blir alt registrert og lagt inn i systemet i magasinet. Etter kvart som eit kartblad er fullstendig med kart, namnelister og opptak, blir kopi av namnelistene og opptaket sendt til vitskapleg handsaming og punching. Dette er det ein norskfilolog som står for. Akkurat no er det Kristian Solvang. Han er spesialist på stadnamn, har budd i fleire kommunar i fylket vårt, og har skriva hovudfagsoppgåve om stadnamn frå Nordsida i Stryn. Når Kristian har handsama namna for eit kart, digitaliserer eg punkta. Det går no føre seg på pc. Dette gir ein betre arbeidssituasjon enn før, med høve til å kontrollere og mellomlagre undervegs. Så koplar eg kvart einskilt geografisk punkt mot namnet i databasen. Midt på natta etter at dette er gjort, blir namna synlege på nettet. Namna er tilgjengelege for alle og kan brukast til forskning, reiseliv, friluftsliv og forvaltning (vegadresser t.d.) og elles all slag praktisk bruk.

2) Her er heimesida til Fylkesarkivet. [www.fylkesarkivet.no](http://www.fylkesarkivet.no)

3) Vel boksen for stadnamn. Fotografiet er frå Vingen i Bremanger – der alle helleristingane er. Til venstre har du to søk: «Stadnamn i fylkesatlas», og «Søk i stadnamn» som går rett i database-søket.

4) Fylkesatlas: Vel først «Stadnamn i fylkesatlas» Her får du to val som går på kva bakgrunn du ynskjer på skjermen din, kart eller bilete. Eg vel kart, dvs. topografisk bakgrunnskart. Her får du opp alle publiserte stadnamn, både dei som er handsama av filolog og dei som er publisert direkte på fylkesatlas utan å gå om filologisk handsaming (raude firkantar). I denne inngangen er stadnamna lagt oppå kartlaget automatisk. Her er det fleire måtar å søke på. Du ser oppe til venstre er eit søkefelt. Her kan du skrive inn namnet du er på leit etter. Kartet «hoppar» eller «zoomar» inn til staden du søkte etter. For å få heile kartet att, trykkar du på globusen nede til høgre.

5) Legge på temalag i fylkesatlas: Oppe til høgre ser du eit symbol som ser ut som ein bunke med papir. Held du musa over denne får du meldinga: «Handtere temalag eller kategoriar einskild». Når vi går frå heimesida til FARK, ser du at noko er haka av. Trykk i tillegg på trekanten før «Kultur og historie». Du får då høve til å legge på temalaget kartblad. Det er eit lag for økonomisk kartverk: «Historisk N5 raster – namn kartplate og år.» Det er også eit lag for fjellkarta: «N50 kartbladindeling». (For dykk som arbeider med innsamlinga er dette ein måte å fylgje med på korleis arbeidet går framover. Det er også ein måte å sjå at ein ikkje gjer dobbelt arbeid. Men hugs å kombinere dette søket med basesøket viss du vil sjekke kva som er gjort. Ikkje alt ligg på kart enno.)

6) Du må zoome ned til du får opp det området du er interessert i med + knappen (forstøringsglaset). Du kan og flytte deg i kartet med å peike, halde og flytte. – knappen zoomar ut att.

7) Databasesøket: Vel «Søk i stadnamn». Dette valet har du på begge sider i skjermen.

8) Det aller enklaste søket er: søk på fylke Sogn og Fjordane og kommune Luster. Felta nedover i søkebilete er: Normform. Her kan du skrive inn del av eit normalisert namn. Du får treff på fleire namn enn det du søkar eksakt etter. Her ligg det inne ein såkalla automatisk trunkering. Prøv å søk på Li, så ser du det. Dei andre felta er gardsnummer, bruksnummer, kartnummer, (Kartnamn fungerer ikkje) innsamlingsnummer, naturkode, kulturkode, kulturkode 2, Men no søkte vi berre på fylke og kommune

9)Vi fekk 17 381 treff som blir vist alfabetisk. Vi kan bla oss frå side til side med 26 namn pr. side. Her ser vi normert form (normert etter opptaket), lydskrift eller uttaleform, kommunenam, gards- og bruksnummer, kartnummer. Blå farge viser at eg kan trykke på skrifta eller symbolet og gå vidare (Detaljar). Eg vel Almekråberget i lista.

10)Du får oppskrivarform, Innsamlingsnummer 70, Almekråberget normalform, uttaleform "almekråbærget. Preposisjon manglar, skal truleg vere «i». Merknad: «skar nede i fjellet». Ledd: utmerkingsledd Almekrå, bindledd manglar. Hovudledd er berg, bestemt artikkel –et. (Naturkode N145 Skard, gjel, juv. Dette kjem dessverre ikkje opp.) Fylke- og kommunenam og nummer. Gards- og bruksnummer Fåberg 204/4 Kartnummer – kartnamn – rute: BE08653 Fåberg, D1. Informant er Alfred Horpen. Nedst på sida er namnet si plassering på fylkesatlas (koordinatar). Øvst til høgre i blå rute: Sjå namnet på fylkesatlas.

11)Søk på gardsnummer: Begynn med fylke og kommune, så gardsnummer 200 som er Espe: frå 200 til 200. Du kan også bruke bruksnummer i søket. Elles kan ein søke på fleire gardsnummer t.d.

frå 200 til 203. Hugs at ikkje alle stadnamna er skrivne ned med gards- og bruksnummer.

12) Eg fekk 180 treff på gardsnummer 200. Dvs. at 180 namn i innsamlinga er merka med gardsnummer 200.

13) Så vel eg det første på lista: Almeskori, innsamlingsnummer 254, med preposisjonen i. Merknad: «hulle i bratte bakkane, der finst ein del almeskog». Ledd: Alm, e, skor, i. (Naturkode N146 Skor, skorte.) (Kulturkode K193 Skogen, ymse bruk.) Gardsnamn Espe gardsnummer og bruksnummer 200/1,3. Kartnummer og namn, rute: BD08554 Gjerde, F3. Informantar Jostein Kreken og Erik Espe. Dette stadnamnet manglar kartfesting. Dersom nokon av dykk veit kvar dette er, kan eg setje det på kart seinare.

14) Søk på kartnummer: Fylke, kommune, kartnummer BE07852. Dette kartet heiter Kroken.

15) Her fann eg 414 stadnamn. Vi ser kartnummer, normert form, uttale, kommune, gards- og bruksnummer, detaljar. Eit stykke nede på lista finn vi Budeiebekken, nr. 56. Kroken gardsnummer 182/1.

16) Budeiebekken er drikkevatn for beitedyra, (kulturkode K182 Vassforsyning, bekk eller kjelde). Informant er Mons Kroken.

17) Søk på stadnamn: Her må du skrive heile stadnamnet heilt korrekt i høve normeringa. Kvannfosslopen, 'kvanfåslå:pen. «Stad der sauene kan gå skorfaste». (Kulturkode K137 Skårfeste). Kroken 182/10. Kartblad BE07854 Bjørkeneset, kartrute E2. Informant: Lars Støfringshaug.

18) Eg fann 24 stadnamn med preposisjonen uti, og av dei vel eg Halrunnskleivi.

19) Søk på naturkode: Her er kategoriar som skildrar naturformen. Her er pr. i dag ikkje rullegardinmeny, dessverre. Det må vi få opp att! Det er 84 naturkodar å velje mellom. No må ein kjenne dei, og taste dei inn. Eg tastar inn N123 Heng, flog, stup. Her kan det ofte vere spanande historier eller segner.

20) Eg finn 25 stup og vel Hermundsspranget.

21) Her finn vi ei lita historie: Hermundsspranget: «Han Hermund datt utøve her og slo seg». Dette er eit namn på garden Mjelvær 202/7. Informant er Anders Bjørkehaug. Så går eg attende til trefflista.

22) Denne gangen vel eg Preikestolen: «Fjell rett ned i sjøen, ser ut som ein preikestol». N123 Heng, flog, stup, (kulturkode K300 Lokalitet jamnføringsnamn). Kroken gardsnummer 182/1

23) Så kan vi søke på kulturkategori, det er 90 å velje mellom. Desse skildrar bruken av ein stad i fortid eller i notid. Vi tastar inn K112 Husmannsplass.

24) Førebels finn vi 444 husmannsplassar. Eg har blitt spurt om alle husmannsplassar kjem inn her. Det er avhengig av merknadsfeltet på listene, at dei som har skrive lister har ført opp husmannsplass. Eg vel Dokka-Perplassen og Monsatuftene.

25) Dokka-Perplassen: Husmannsplass på Hillestad, gardsnummer 155/2. Informasjon: Matrikelopplysningar og Johannes Hillestad. Eg går attende til lista og blar meg fram til neste:

26) Monsatuftene: «Ein som heitte Mons bygsla plassen» (Kulturkategori K112 Husmannsplass. Den er også oppført som K114 Tuft). Gardsnummer 24/1 Moen. Kart BG08354 Mørkrid kartrute C5. Informant er Kristen Moen.

27) Akkurat no er det ikkje høve til å søke på informant. Er det eit søk som vi bør få inn att?